

BIOLOGISK MANGFALD I VOLDA



INNHOLD

INNLEIING side 3

Bakgrunn for kartlegging av biologisk mangfald

Føremål for kartlegging av biologisk mangfald

Denne rapporten

Forklaring på nokre omgrep

METODAR - MATERIALE side 5

Arbeidet med kartlegginga

Materiale

Skriftelege kjelder og Internett

Innsamling frå personar og lokalkjende

Eigne feltregistreringar

Artsbestemming og dokumentasjon.

Klassifisering av lokalitetar i naturtypar

Verdisetting av lokalitetar

Avvik frå DN- Handboka i denne rapport

Rapportframstilling

Kunnskapsstatus og behov for vidare undersøkingar

NATUREN I VOLDA side 10

Naturgrunnlaget

Hovudnaturtypane

Raudlisteartane

Karplanter

Andre artar

OMRÅDESKILDRINGAR (FAKTAARK) side 17

Tabell over lokalitetane etter lokalitetsnummer

Tabell over lokalitetane etter område

Kart over lokalitetane

Faktaark for kvar lokalitet.

LITTERATUR

Sitert litteratur i denne rapporten

INNLEIING

Bakgrunn for kartlegging av biologisk mangfald

Bakgrunnen for arbeidet omkring biologisk mangfelde er "Konvensjonen om biologisk mangfald" som vart vedteken på verdskonferansen i Rio 1992. Vidare nemner ein Stortingsmelding nr. 58 (1996-97), "Miljøvernpolitikk for ein bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida" som legg premissane for kartlegginga av det biologiske mangfaldet, der ein tek sikte på at alle kommunane skal ha gjennomført dette arbeidet innan 2004. Dette er ledd i ei statleg satsing for å auke kompetansen og styrke det lokale nivået i forvaltinga av det biologiske mangfaldet.

Føremål for kartlegging av biologisk mangfald

Hovudføremålet med kartlegginga av biologisk mangfald er å gje kommunen og dei einskilde grunneigarane kunnskap og godt naturfagleg grunnlag til framtidige forvaltinga av naturen i Volda slik at ein kan førebyggje tap av artar og mangfald. Eit delmål er å gje eit så godt oversyn som råd over dei naturverdiane og artane som finst i dei undersøke områda. Eit generelt mål med naturfagleg kartlegging er elles å verne om naturen og at kartlegginga bidreg til den langsiktige arealplanlegginga i kommunen.

Denne rapporten

Denne rapporten er ein utskrift av ein database for natur som er under oppbygging i Volda og inneholder naturområde som er særskilt verdfulle for det biologiske mangfaldet. Fordi dei er levestader for særleg mange artar eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finne leveområde elles i landskapet. Direktoratet for Naturforvalting har utarbeidd ei handbok (DN-handbok 13, 1999) som gjev retningslinjer for korleis kartlegginga bør gjennomførast og har prioritert 56 naturtypar som er standarisert for heile landet. Vidare er intensjonen at databasen også skal innehalde viktige område/lokalitetar for viltet i kommunen, det seg vere økonomisk nyttebart vilt eller sjeldne og sårbare artar (DN-handbok 11, 1996) samt leveområde for viktige artar i ferskvatn (DN handbok nr. 14, 1999). Naturdatabasen for Volda vil i tillegg til desse naturtypane søkje å femne om lokalitetar for også andre særegne naturførekommstar som ikkje nødvendigvis er viktige i biologisk samanheng, men som er spesielle eller sjeldne i kommunen. Til dømes ulike geologiske førekommstar, landskapsformer m.m. Denne rapporten er pr dags dato status i kartleggingsarbeidet som forhåpentligvis kan fortsette for å danne ein god og grundig oversikt over naturverdiane i kommunen. Det er ytt statleg økonomisk tilskot til kartleggingsarbeidet.

Forklaring på nokre omgrep

Ansvarsartar: artar der Norge har minst 25 % av den europeiske bestanden, som vi derfor har eit spesielt ansvar for. **Biologisk mangfald:** omfattar mangfald av naturtypar, artar og arvemateriale innanfor artane.

Beitemarkssopp: er soppartar med tyngdepunkt i naturenger og naturbeitemarker med liten toleranse for gjødsling og jordarbeiding, og med preferanse for langvarig hevd. **Edellauvskog:** skog med innslag av dei varmekjære lauvtresлага (alm, bøk, ask, spisslønn, lind, svartor, eik og hassel). I Volda er det alm, svartor og hassel som er aktuelle. Desse tresлага krev ein høg gjennomsnittstemperatur og finst oftast i varme, sørvende lier. **Gadd:** død, ståande trestamme, meir eller mindre i oppløysning. Ofte viktig for spesielle insekt og holrugarar. **Indikatorart** (signalart): er artar som kan gje god informasjon om miljøkvalitetane der desse lever; dette på grunn av strenge miljøkrav og er berre til stades på stader med spesielle kombinasjonar av miljøforhold. Ein god indikatorart er vanleg å treffe på når desse miljøkrava er tilfredsstilte. For å identifisere ein verdifull naturtype, bør ein helst ha fleire indikatorartar. **Kontinuitet:** i økologien bruk om relativt stabil tilgang på bestemte habitat, substrat eller kombinasjon av bestemte miljøforhold over lang tid (ofte fleire hundre til fleire tusen år). Det kan i kulturlandskapet t.d. dreie seg om gjentatt årleg forstyrring i form av beiting, slått eller trakkpåverknad. I skog kan det t. d. dreie seg om kontinuerleg tilgang på daud ved av ulik dimensjon og nedbrytingsgrad, eller eit stabilt fuktig mikroklima. **Læger:** liggande trestammar frå vind eller elde.

Naturbeitemark: gammal beitemark med låg jordarbeidingsgrad, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd.

Natureng: gamle slåttemarker med låg jordarbeidingsgrad, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd. I andre samanhengar blir omgrepet bruk i ei vidare tyding om gras- og urterik vegetasjon i både gamle slåttemarker og naturbeitemarker. **Naturengplanter:** planter som er knytta til engsamfunn, og som har liten toleranse for gjødsling, jordarbeiding og attgroing. Dei har derfor tyngdepunkt i naturenger og naturbeitemarker, og er dermed ein parallel til beitemarkssoppane. **Nøkkelbiotop:** ein biotop (levestad) som er viktig for særleg mange artar, eller artar med strenge miljøkrav som ikkje så lett blir tilfredsstilt andre stader i landskapet. **Raudliste og raulisteartar:** liste over artar som i større eller mindre grad er truga av menneskeleg verksemd (DN 1999b). **Signalart:** blir i denne rapporten brukt omtrent synonymt med indikatorart. **Tradisjonelt kulturlandskap:** dominerande typar av jordbrukslandskap for minst 50-100 år sidan. Desse er forma av slått, husdyrbeite, trakk, kratttrydding, lauving og llyngeiskjøtsel kombinert med låg gjødslingsintensitet og relativt lite jordarbeiding. Der er innslag av naturtypar som naturenger, naturbeitemarker, hagemark, slåttelundar og llynghesi. **Truga artar:** artar som er oppførte på den norske raudlista, også kalla raulisteartar.

METODAR OG MATERIALE

Arbeidet med kartlegginga

har gått ut på å setje seg inn i eksisterande kunnskap om Voldanaturen ved gjennomgang av eksisterande skriftelege kjelder, samle inn ny kunnskap gjennom feltarbeid og til slutt presentere desse på kart og i rapport. Kartlegging og klassifisering av naturtypar, og verdisetting av desse følgjer i hovudsak Direktoratet for naturforvaltning si handbok om kartlegging av biologisk mangfald (1999). Der er det definert 56 forskjellige prioriterte naturtypar som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet fordi dei er levestad for særleg mange artar eller for uvanlege og raudlista artar som er avhengig av desse spesielle naturtypar. Desse forskjellige naturtypane kan klassifiserast utifrå indikatorartar. Desse spesielle naturtypar er ofte i sterk tilbakegang hovudsakeleg på grunn av menneskeleg aktivitet. Denne standariserte naturtypekartlegginga er felles for heile landet. For Volda har ein i tillegg registrert og lagt inn i databasen lokalitetar med andre særegne naturførekomstar som ikkje kjem innunder DN sin systematikk, og viltlokalitetar som der finnест ein eigen metodisk tilnærming til etter DN si viltkartleggingshandbok.

Skriftelege kjelder og Internett.

Det er leita systematisk i litteratur som kan tenkjast å ha informasjon frå Volda. Særskilt vil ein nemne litteraturdatabasen om naturen i Møre og Romsdal som John Bjarne Jordal og Geir Gaarder har utarbeidd på oppdrag for Fylkesmannen og finnест på deira heimesider Eit sok på Volda på denne basen ga 370 litterære referansar (bøker /rapportar/artiklar m.m). Mesteparten av desse er gjennomgått på leit etter naturinformasjon som kan vere til nytte i kartlegginga. Vi vil også særskilt nemne Fylkesmannen sitt naturatlas (Fylkesmannen 1997) som viktig kjelde. Andre tilgjengelege databasar ved universitet og museumssamlingar er sjekka på Internett.

Innsamling frå personar og lokalkjende

Har ikkje vore nytta i så stor grad. Det er tidkrevjandes arbeid å samle informasjon frå enkelpersonar, men nytten av slik informasjon gjer at det hadde vore ønskjeleg å kunne brukt noko meir tid til dette.

Eignefeltregistreringar.

Ein god del lokalitetar er funne gjennom litteratur og fagrapporther og dei fleste av desse er på nytt besøkt i felt for å undersøke nåverande status. Nye lokalitetar er hovudsakeleg kartlagt av Karl Johan Grimstad og Tormod H. Engen. Det meir systematiske feltarbeidet av Voldanaturen pga dette prosjektet, har ført til at ein del ny informasjon har kome til. Floraen i fleire av lokalitetar er registrert meir detaljert ved at det er laga krysselister. Særleg interessante funn er eller vil bli sende til Botanisk museum i Oslo, der dei skal vera fritt tilgjengeleg for alle. Vegetasjonen er kartlagd i grove trekk etter vegetasjonstype hos Fremstad (1997).

Artsbestemming og dokumentasjon.

Til artsbestemming av sopp, planter og lav er mellom anna bruk m.a. desse verka: " Gyldendals Store Nordiske Flora", B. Mossberg/L. Stenberg til norsk v / S. Moen(1995), "Signalarter," J. Nitare(2000), "Sopp I Norden og Europa", til norsk v/ P. Marstad (2001)," Lavflora," Krog / Østhagen / Tønsberg (1994). Usikre artar av sopp er oversende til J. B. Jordal som brukar stereolupe for indikasjon av sporar. Dag Holtan og Geir Gaarder har også delteke i artsbestemminga.

Klassifisering av lokalitetane i naturtypar

Utgangspunktet er å finne område eller lokalitetar i kommunen som kan klassifiserast innan naturtypane som er lista opp i DN- Handboka. Desse naturtypane er spesielt prioriterte av di dei er særsviktige for biologisk mangfald i nasjonal samanheng. Å skilje ut desse naturtypane frå den store gross av ”vanleg natur” gjer ein i hovudsak ved hjelp av indikatorartar eller signalartar som til vanleg veks på desse utvalde plassane.

NATURYPAR ETTER DN-HANDBOK NR. 13, 1999	KODE		NATURYPAR ETTER DN-HANDBOK NR. 13, 1999	KODE
Myr			Skog	
Intakt lavlandsmyr	A1		Rik edellauvskog	F1
Intakt høgmyr	A2		Gammel edellauvskog	F2
Terrengdekkande myr	A3		Kalkskog	F3
Palsmyr	A4		Bjørkeskog med høgstaudar	F4
Rikmyr	A5		Gråor-heggeskog	F5
Kilde og kilddebekk	A6		Rikare sumpskog	F6
Rasmark, berg og kantkratt			Gammal lauvskog	F7
Sørvestnord berg og rasmark	B1		Urskog/gammalskog	F8
Kantkratt	B2		Bekkekløfter	F9
Fjell			Brannfelt	F10
Kalkrike områder i fjellet	C1		Kystgranskog	F11
Kulturlandskap			Kystfuruskog	F12
Slåtteenger	D1		Havstrand/ kyst	
Slåttemyr	D2		Grunne strømmer	G1
Artsrike vegkantar	D3		Undervasseng	G2
Naturbeitemark	D4		Sanddyner	G3
Hagemark	D5		Sandstrender	G4
Skogsbeiter	D6		Strandeng og strandsump	G5
Kystlynghei	D7		Tangvoller	G6
Kalkrike enger	D8		Brakkvannseltaer	G7
Fuktengar	D9		Brakkvannspollar	G8
Småbiotopar	D10		Kalkrike strandberg	G9
Store gamle trær	D11			
Parklandskap	D12		Andre viktige førekomstar *	H1
Erstatningsbiotopar	D13			
Skrotemark	D14		Marine områder	
Grotter/gruver	D15		Større tareskogførekomstar	I1
Ferskvatn/ våtmark			Sterke tidevasstraumar	I2
Deltaområde	E1		Fjordar med naturlig lavt oksygennivå	I3
Mudderbankar	E2		Spesielt djupe fjordområde	I4
Kroksjøar, flomdammer, meanderande elveparti	E3		Pollar	I5
Større elvaøy	E4		Littoralbasseng	I6
Fossesprøytsoner	E5		Israndavsetningar	I7
Viktige bekdedrag	E6		Blautbotnområde i strandsona	I8
Kalksjøar	E7		Korallførekomstar	I9
Rike kulturlandskapssjøar	E8		Kalkalgeførekomstar	I10
Dammar	E9		Nøkkelområde for marine arter	
Naturlig fisketomme innsjøar og tjern	E10		Østersførekomstar	J1
Ikkje-forsura restområde	E11		Større kamskjellførekomstar	J2
			Nøkkelområde for spesielle stammer	J3
			Andre førekomstar **	
			Viltlokalitetar ***	

* **Andre viktige førekomstar** er ein samlepost for andre sjeldne naturtypar eller områder viktig for biologisk mangfald som ikkje lar seg klassifisere til dei andre naturtypane. Andre viktige naturførekomstar kan ein finne under alle hovudnaturtypar.

** **Andre førekomstar** er ein kategori nytta spesielt for Volda sin naturdatabase. Dette er naturførekomstar som er særeigne eller sjeldne lokalt i Volda og treng ikkje nødvendigvis vere særsviktige i biologisk samanheng. Til dømes spesiell geologi eller eit særeigne landskap m.m. Det kan og vere område for biologisk mangfald, men då lokalt viktig innad i kommunen og kjem ikkje under DN-handboka sine prioriterte naturtypar eller er noko spesielle i nasjonalt perspektiv.

*** **Vilt lokalitetar** Nokre av desse er også teke med i denne rapporten for Volda. Då kartlegging av biologisk mangfald byggjer på metoden i DN-handboka om kartlegging av biologisk mangfald (DN 1999), er hekkeområde og leveområde for sjøfugl, pattedyr, fugl, krypdyr og amfibier ingen naturtype etter denne metoden. Desse artane kjem innunder viltkartlegging som DN har utarbeidd eigen handbok for (DN 1996). Likeeins er det handbøker og metodikk for kartlegging av ferskvatn og kartlegging av det marine miljøet som er tilgjengelege på Internett.

Verdisetting av lokalitetane.

Ved verdsetjing av naturtypane blir kriteria i DN handboka (1999) i store trekk lagt til grunn med få unntak. Kriteria for "lokalt viktig" er ikkje presentert i handboka.

Svært viktig (A)

Viktig (B)

Lokalt viktig (C)

Ein legg dermed opp til strengare kriteria for å kome i dei ulike katogeriane. Lokalitetar som truleg ikkje bør kome i kategori "viktig" er plasserte i kategori "lokalt viktig." For å kome i kategori "Svært viktig" bør ein lokalitet ha særlege og uvanlege kvalitetar, t. d. førekomst av artar som er sårbare eller truga på raudlista eller vere særleg velutvikla og artsrik. For å kome i kategori "Viktig" vert det ikkje stilt så strenge krav, men nokre definerte vilkår må vere oppfylte. Generelt vil naturtypar som inneheld artar i tilbakegang vere viktigare å ta vare på enn dei som er stabile. Naturtypar som er sjeldne og naturtypar som inneheld sjeldne artar vil vere viktigare å ta vare på enn dei som er meir vanleg. Dei fleste lokalitetane innan naturtypen **andre viktige førekomstar** vil som regel vere "svært viktig" eller "viktig" slik som namnet tilseier, medan "**andre førekomstar**" hovudsakelig har lokal verdi (C) då det er innad i kommunen dei er sjeldne, spesielle eller særsviktige.

Viltverdiar. Ein del naturtypelokalitetar kan ha viktig viltverdiar som hekke- og leveområde for sjeldne, truga, eller viktige nyttbare viltartar utan at verdivurderinga vert endra. Legg *ein til viltverdien på desse lokalitetane vil derfor desse områda kunne kome i ein høgare verdikategori*. **Viltlokalitetane** i denne rapporten vert derimot verdsett etter viltverdien.

Uprioriterte lokalitetar. Potensielt interessante lokalitetar som det finst informasjon om eller er besøkt utan at dei er undersøkt nærmare i detalj er uprioritert eller har ikkje fått nokon særskilt verdivurdering. Prosjektet hadde trange rammer, og ein kan her berre vise til behovet for vidare kartlegging.

Endring av verdisetting. Elles har erfaring frå tidligare kartlegging vist at avgrensa naturtypar ved seinare undersøkingar kan ha verdiar som syner at verdisettinga burde ha vore annleis. Dette først og fremst fordi enkelte artar, som sopp og orkidéar (og andre organismar), kan ha store årlege variasjonar.

Bruk av raulisteartar, signalartar og ansvarsartar. Nokre artar det blir lagt særleg mykje vekt på i verdsetjinga: raudlisteartar, ansvarsartar og signalartar. Desse omgrepene er forklart i tidlegare kapittel.

Tildømes vil signalartar for edellauvskog vere varmekjære artar som svarterteknapp, knollerteknapp, breiflangre, myske, ramslauk, sanikkel, vårmarihand. For Naturbeitemark: ryllik, nyseryllik, prestekrage, smalkjempe, gulaks, nattfiol raudhonningvokssopp.

Avvik frå DN-handboka i denne rapporten

Handboka er for generell til å fange opp dei spesielle forholda i Møre og Romsdal. Fylkesmannen har fått utarbeidd ein rapport (Gaarder m.fl.2001) med fylkestilpassa fagark for naturtypane. Mellom anna er det framsatt behovet for å innføre nokre få nye naturtypar. Til dømes ”nordvende kystberg” som ikkje er omtala i DN-handboka. Ein vel likevel i denne rapporten å leggje desse nye naturtypane under samleposten ”andre viktige førekommstar.”

Vidare er det lokale fagmiljøet (J. B. Jordal, G. Gaarder mfl) usamd med DN-handboka på to punkt:
1) DN-handboka vil føre alle rike edellauvskogar nord for Sogn og Fjordane til kategori A (svært viktig).
2) DN-handboka vil føre alle naturbeitemarker med raudlisteartar i kategori A (svært viktig).

Desse kriteria gjer det vanskeleg å skilje mellom lokalitetar som klart er heilt ulike, og som bør verdsetjast ulikt. Når det gjeld rik edellauvskog, er ein ikkje usamd i at lokalitetane blir sjeldnare nordover, men grensa for å føre alle lokalitetar i kategori A bør flyttast nordover, i det minste nord for Møre og Romsdal. Når det gjeld naturbeitemarker, meiner ein at krava for å kome i kategori A bør vere noko strengare.

I denne rapporten er følgjande kriteria nyttta for verdsetting av **rik edellauvskog**:

- A (svært viktig):** Større, velutvikla edellauvskog med mange varmekjære planteartar (mellan anna alm-lindeskog).
- B (viktig):** Mindre velutvikla edellauvskog med nokre varmekjære planteartar.
- C (lokalt viktig):** Mindre skogparti med spreidde edellauvtre og få varmekjære planteartar (t. d. därleg utvikla gråor-almeskog).

I denne rapporten er følgjande kriteria nyttta for verdsetting av **naturbeitemarker**:

- A (svært viktig):** Velutvikla lokalitetar med mange indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling, førekomst av raudlisteartar i kategori sårbar eller direkte truga.
- B (viktig):** Lokalitetar med ein del indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling, ofte med førekomst av raudlisteartar i kategori sjeldan eller omsynskrevjande.
- C (lokalt viktig):** Lokalitetar som er små eller litt attgrodde eller därleg utvikla, og med relativt få indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling.

Rapportframstillinga

Teksten. Deler av den generelle teksten i denne rapporten er henta frå tilsvarande rapport i Herøy som K. J. Grimstad var med å utarbeide. (Jordal, J. B & Grimstad K. J., 2001: Kartlegging av Biologisk mangfold i Herøy kommune). Dei mest verdifulle områda er omtalte i eit avsnitt med faktaark for lokalitetar. Raudlisteartar er nemnde i eit eige kapittel saman med liste over karplantar og andre artar registrert i Volda. Som vedlegg i rapporten er presentert litteraturliste for Volda.

Lavlistene stammar frå forfattarane sine registreringar som også kan finnast på lavdatabasen til Botanisk institutt på tøyen og lastas ned på internett. Sopplister for lokalitetar stammar frå undersøkingar av kulturlandskap og skog.

Områdeskildringar (faktaark). Dei undersøkte lokalitetane er omtala i eit avsnitt med faktaark for kvar lokalitet. Faktaarka er utskrift av den naturdatabasen Natur 2000 som Volda nyttar. Malen som nyttast er utarbeidd av Naturkart AS, men samsvarer nokolunde med Malen i DN- handboka. Lokalitetsnummer i dette prosjektet er frå 001 og oppover. Ein nemner ikkje berre truslar som er aktuelle i dag, men dei som kan bli aktuelle seinare. T. d. er det for naturbeitemark konsekvent ført opp attgroing som trussel. For edellauvskog er stort sett treslagskifte ført opp sjølv om dagens eigalar ikkje har planar om noko slikt.

Kartavgrensing. Alle nummererte lokalitetar er teikna inn på økonomisk kartverk som er henda over til kommunen og digitalisert. Avgrensingane blir ikkje så svært nøyaktige i denne målestokken. Ein må oppfatte avgrensingane som omrentlege og orienterande. I tilfelle planar om nye tiltak eller inngrep, bør ein foreta synfaring for å få ei meir detaljert avgrensing og prioritering.

Kunnskapsstatus og behov for vidare undersøkingar

Vidare undersøkingar er ønskeleg i dei fleste områda som er avgrensa. Spesielt gjeld dette for organismegruppene lav, mosar, sopp og insekt. Med dette prosjektet er kunnskapen om naturtypane i Volda som er omtala i DN-handboka systematisert betre enn før, og ny kunnskap har kome til. Volda er ei stor kommune i areal medan kartlegginga har hatt avgrensa midlar til rådvelde. Dei største og viktigaste områda i kommune er nok lokalisert, men ei grundigare intervenering av kommunen ville venteleg kunne avdekke fleire lokalitetar eller avgrensingar innan fleire av DN sine naturtypar. Særskilt er sørvestiske og nordvestiske berg og rasmark lite undersøkt. Likeeins deler av kulturlandskapet. Elles er det viktig å få til ei oppdatering av viltkarta for Volda og innlemme viltområda i naturdatabasen. Nokre av dei til no kartlagde lokalitetane for biologisk mangfald vil då kunne få ny verdisetting om også viltverdien på desse vert teke med som kriterie i verdisettinga.

NATUREN I VOLDA

Naturgrunnlaget

Parameter	Verdi
Landareal	547,1 km ²
Del av fylket sitt areal	3 %
Kystline	132 km
Øyar, holmar, skjer	8
Høgaste punkt	1482
Talet på ferskvatn (samla areal)	21 km3
Folketal pr.01.01.2002	8300

Landskap m.m. Volda er ein relativt stor kommune å på sunnmøre med eit landarealet på 547 km². Ei typisk alpin kommune med høgste topp 1482 meter over vassflate i fjorden under. Mellom desse to ytterpunktene finnест snaufjell, skogkledde lier og rasmark, dalføre med vassdrag og landbruk og fjorden som er eit strokland med steinete og bratt strandline. Med berre 27 % av arealet under 300 meter er låglandsnaturen, som også er den mest produktive, beskjeden i Volda.

Klima Med juli og august i overkant av gjennomsnittlege 13 grader og milde vintermånader rundt 0 er klimaet utprega oseanisk. Temperaturen vinterstid kan likevel variere ganske mykje innanfor dei forskjellige delane av kommunen. Det er ikkje uvanleg med over 10 graders temperaturforskjell mellom dei ytre fjordstroka og dei indre dalføra i kommunen. Dei sørvestiske liene i fjordane har nok den høgaste gjennomsnittlege årstemperatur i kommunen som også gjer desse naturtypane til noko av det mest artsrike og produktive i Volda.

Geologi. Bergartane i kommunen består i all hovudsak av relativt sure gneis- og granittbergartar, noko som er typisk for Nordvestlandet (Kaldhol 1970). Dette er nokså harde bergartar som forvitrar seint og gjev eit sparsamt og litt surt jordsmonn. Dette jordsmonnet får ein vegetasjon av planter som er tilpassa desse litt karrige tilhøva. Kalkkrevjande planter er mindre vanlege i Volda, og kan finnast sporadisk i tilknyting til skjelsand under marin grense. Nokre spesielle områder i kommune har olivinberggrunn som er moderat næringsrikt og plantesamfunna på desse feltene vert særegne.

Lausmassane eller dei kvartærgeologiske førekommstane i kommunen består for det meste av botnmorene, rasmark og ein del elvegrus langs hovudvassdraga.

Vegetasjonsgeografi er eit klassifiseringssystem som beskriver variasjonar i vegetasjonen frå sør til nord, frå havnivå og opp mot fjellet og frå oseanisk fuktige klima med jamne temperaturar gjennom året til det meir tørre, kontinentale med store sesongmessige temperarturskifte. Oppdelinga og avgrensinga er knytt til utbreiing av plantesamfunn og planteartar som igjen i stor grad avspeglar lokalklimaet. Vegetasjonssonar er beskrive av Moen (1998). Då volda er ei fjordkommune på vestlandet med relativt store variasjonar i lokalklimaet frå fjøre til fjell og frå ytre strok til indre dalstrok høyrer Volda til fleire vegetasjonsgeografiske soner, men grovt framstilt boreonemorale sone, medan fjellområda kjem inn under den alpine sonen med lågalpin karakter.

Hovudnaturtypane

Lista nedanfor syner antal lokalitetar av dei ulike naturtypane som er funne innanfor dei 8 hovudnaturtypane. Antallet avspeglar i grove trekk kvar ein finn mengda av den rikast og mest mangfaldige naturen i Volda, men også til dels kvar hovudtyngda av feltarbeidet er plassert. Jamfør kapitelet om kunnskapsstatus og behov for vidare kartlegging.

HOVUDNATURTYPE	NATURYPAR	Antall lokalitetar i Volda
Myr		0
Ferskvatn/ våtmark	Andre førekomstar	4
"	Andre viktige førekomstar	1
"	Fossesprøytsoner	1
"	Naturlig fisketomme innsjøar og tjern	1
"	Viktige bekdedrag	1
"	Viltlokalitet	2
Fjell	Andre førekomstar	1
"	Andre viktige førekomstar	1
Kulturlandskap	Andre viktige førekomstar	1
"	Naturbeitemark	11
"	Skogsbeiter	2
"	Slåtteenger	6
Rasmark, berg og kantkratt	Andre viktige førekomstar	1
Skog	Andre førekomstar	3
"	Andre viktige førekomstar	6
"	Bekkekløfter	6
"	Gammal lauvskog	5
"	Gråor-heggeskog	1
"	Rik edellauvskog	17
"	Urskog/gammalskog	3
Havstrand/ kyst	Strandeng og strandsump	2
"	Viltlokalitet	3
Marine områder	Sterke tidevasstraumar	1
Nøkkelområde marine artar	Nøkkelområde for spesielle stammer	1

Myr. I Volda finnест ein god del mindre myrparti spreidd i skog, lisider og på fjell, men ikkje av ein viss samanhengande storleik, utforming eller næringstilstand som er særskilt interessant i denne samanheng. Hovudsakeleg på grunn av kommunen sin topografi og relativt fattige bergrunnen. I låglandet er myra så godt som fråverande til fordel for kulturlandskapet. Dei fuktige myrpartia er likevel viktige for mosaikken i vegetasjon og landskap og gir mange mindre biotopar for insekt og fuglelivet. Myrområda er likevel ikkje fullt ut undersøkt og behovet for grundigare undersøking av naturtypen er tilstades

Ferskvatn/våtmark. Volda har omkring omkring 70 ferskvatn. Dei fleste næringsfattige fjellvatn med jamt over eit brukbart fiske. Mange av desse hadde nok vore fisketomme viss der ikkje hadde vore bore fisk dit i tidlegare tider. Volda har ingen rike kulturlandskapssjøar eller våtmark av særskilt storleik og stor artsrikdom. Lokalt er likevel dei fleste låglandsvatna viktige viltbiotopar i kraft av sin relative fåtalligheit. Særskilt vil ein nemne vatna langs Austefjordvassdraget (Littlevatn, Eidsvatn, Bulingen) og Stigedalsvassdraget (Bjørkedalsvatnet). DN- handboka seier at ein bør vie særskild

merksem til m.a. meandrerande elvestrekningar og naturlege fisketomme innsjøar og tjern, I Volda representert ved Aldalselva og Hovdetjønna.

Fjell. Viktige områder i fjellet eller på arealet over skoggrensa er berggrunnen oftast avgjerande. Næringsrik og kalkrik berggrunn gir som oftast rik variert vegetasjon og spesialtilpassa artar. Slike områder kan ikkje Volda skilte med i særskilt stor grad. Ein lokalitet med olivinbergrunn (Raudeberget) med eit særeige plantesamfunn finnест i eit undersøkt område i Norddalen i Austefjorden.

Havstrand, kyst, marine områder og nøkkelområde for marine artar. Volda har ei lang kystline, eit strokland som hovudsakeleg består av bratte berg, steinete strender og djupe fjordar. Dette fordrar ikkje grunne marine strandområde særskilt viktig for biomangfaldet. Dess viktigare er det å ta vare på dei få lokalitetane som er og ein nemner særskilt elveosen i Fyrde, Strandenga på Yksnøya, Kilspollen med eiga sildestamme og straumen på Straumshamn.

Kulturlandskapet, eller det menneskeskapa naturmiljøet inneheld ei rekke naturtyper. Det er som regel landbruksareal frå dei gamle driftsformene som utgjer dei viktigaste naturtypane Areal med låg jordarbeidingsgrad, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd. Denne naturtypen er ofte artsrik og inneheld ei rekke artar og raudlisteartar som i liten grad finn livsrom elles i landskapet. På 1990-talet er det gjennom undersøkingar vist at desse naturbeitemarkane har eit heilt spesielt biologisk mangfald av artar som ein ikkje finn i landskapet elles, særleg beitemarkssopp og naturengplanter (Jordal & Gaarder 1993, 1995, 1997, 1998b). Ei rekke raudlisteartar og sjeldne artar elles er påvist her. Små restar etter magre, men artsrike og verdifulle slåtteenger/naturbeitemarker kan ein fortsatt finne restar av i Volda, men dei gror gradvis igjen. Her i kommunen finn vi denne naturtypen ofte mellom intensivt dyrka mark og skog/fjell. Det er områda som har størst kontinuitet og hevd som er mest verdfulle og for framleis å behalde denne naturtypen, er det ynskjeleg at det blir halde fram med beiting og tradisjonelle driftsmetodar på desse lokalitetane. Noko som kanskje ikkje er realistisk i dag. Ein finn fleire område som var tidlegare gamal kulturmark, hagemark, beiter, utmark og innmarkslåttar men som i dag er skog. Mykje engplanter i feltsjiktet (som sølvbunke), som røper den tidligare sterke kulturpåvirkninga.

Elles må ein sei at kulturlandskapet ikkje er grundig nok undersøkt og venteleg vil ein finne fleire interessante lokalitetar i kommunen som kan klassifiserast innanfor dei 15 utvalde naturtypene i kultrulandskapet

Berg og rasmark Det er mykje bratte berg og rasmark i kommunen. Det er særskilt sørvendte berg og rasmark som er veklagt i DN handboka, og då berg og rasmark med kalkhaldig berggrunn, noko som finnест i Volda. Sørvendte berg og rasmark er ikkje undersøkt så godt i kommunen trass den store andelen naturtypen. Mykje av rasmarka i lisidene er skogkledd og difor kartlagt under naturtypane for skog. Særleg interessant i Volda kommune kan *nordvende berg* vere. Nokre av desse har eit stabilt og fuktig lokalklima, og kan vere levestad for ei rekke interessante lav, mosar og frøplanter. I nordvende bergveggar veks t.d. den sjeldne og raudlista hinnebregna ofte i lag med andre fuktkrevjande lav og mosar, t.d. dronningmose. Nordvende berg på kysten er ikkje beskrive som nokon prioritert naturtype i DN-handboka nr.13 (1999), men er skildra av Gaarder m.fl. i eit fylkestilpassa supplement til DN-handboka. Sørvende berg og rasmarker har vanlegvis andre spesielle artar. Det kjem av meir sol, lys og varme, og dermed blir lokalitetane tørrare. Berghamrane er viktige som hekkeområde for mange rovfuglar og ugler. I tillegg hekkar der ringtrast, ramn og bergirisk. Hekkeområde for fugl er som nemnt ikkje nokon prioritert naturtype i DN (1999), med unntak av erstatningsbiotoper.

